SUNNFJORD ENERGI AS

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
041/944 - 322
DATO 30 MARS 2005
AN 521 | EKSP.

Olje- og energidepartementet
Boks 8148 Dep

0033 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Arkiv:	Sakshandsamar:	Dato:
			012		29.03.04

HEIMFALSSUTVALET SI INNSTILLING- HØYRINGSUTTALE FRÅ SUNNFJORD ENERGI AS

Styret i Sunnfjord Energi AS drøfta Heimfallsutvalet si innstilling i styremøte den 22.2.05. Det var semje i møtet om å signalisere støtte til mindretalet si innstilling. Leiaren og administrasjon fekk i oppdrag å summere opp styret sitt syn overfor departementet.

Vårt syn kan kort oppsummerast slik:

1. Sunnfjord Energi AS stiller seg undrande til at fleirtalet i utvalet så lett gjev opp ein viktig nasjonal posisjon – utan at ein i det heile gjer seriøse forsøk på å opne forhandlingar med ESA. Så langt har det norske synet vore at spørsmål som går på "erverv" av rettar til vassfall, konsesjonsspørsmål og spørsmål om heimfall – ligg utanfor EØS-avtalen sitt verkeområde, jfr og Vassressursutvalet si innstilling frå 1994.

2. Dersom det etter forhandlingar skulle vise seg nødvendig å endre norsk politikk på dette området, støttar vi mindretalet sitt framlegg. Vi legg til grunn at regelverket må få ei slik utforming at det ikkje hindrar fornuftige omstruktureringar bransjen. Transaksjonsmodellen må såleis tilpassast dette behovet.

Med helsing
SUNNFJORD ENERGI AS

Ingvar Bøyjeland
for Harry Mowatt
styreleiar

Firdavegen 5
Boks 123
6801 Førde

Telefon 57 72 23 00
Telefax 57 72 23 50
firmapost@sunnfjordenergi.no

Bank 3700.07.00801
NO 916 501 420 MVA

www.sunnfjordenergi.no